



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Norges Vassdrags- Og
Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dato: 25.09.2024
Arkivkode: K1-122
Dykkar ref.
Vår ref. 18/1303-9
24/16493
Jarle Lunde

UTTALE TIL SØKNAD OM FORLENGA BYGGEFRIST - BLÅFJELL PUMPE MED OVERFØRING TIL BLÅSJØMAGASINET I ULLA-FØRRE-SYSTEMET

Viser til brev datert 25.06.2024 der NVE ber om uttale. Villreinnemnda har fått utsett uttalefrist.

Arbeidsutvalet i villreinnemnda behandla saka i møte 24.09.2024 og vedtok følgjande:

Sidan konsesjon for Blåfjell pumpe blei gitt i 2017 er det komme eit betre kunnskapsgrunnlag om villreinen, samt prosessar for å betre leveforholda for arten i det nasjonalt viktige Setesdal Ryfylke villreinområde:

- *Kvalitetsnorm for villrein: Setesdal Ryfylke villreinområde er vurdert til å vere i dårleg tilstand.*
- *Tiltaksplan for villrein: Regjeringa har starta arbeidet med ein tiltaksplan for å betre tilstanden.*
- *Vilkårsrevisjon for Ulla-Førre: Villrein er eit viktig tema, men Blåfjell pumpe er ikkje del av vilkårsrevisjonen.*
- *Andre konsesjonssøknader: Det er under planlegging anna utviding av kraftanlegga i villreinområdet*

Arbeidsutvalet i villreinnemnda meiner det ikkje bør gis ei forlenga byggefrist for Blåfjell pumpe. Det er naudsynt å vurdere planane på nytt. Ein treng ei oppdatert villreinfagleg vurdering som ser på ei utbygging i forhold til samla belastning, og i samanheng med tiltaksplan for Setesdal Ryfylke villreinområde. Kvalitetsnorma for villrein tilseier at ein må betre situasjonen for villreinen i området.

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 404 18 967
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no
Nettside: www.villrein.no/setesdal-nemnd/
www.suldal.kommune.no



Saksframlegg med vedtak er vedlagt.

Med helsing

Jarle Lunde
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Kopi til:

Hjelmeland Kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
NVE v/Tord Solvang			
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 sentrum	4001	Stavanger
Statkraft As	Postboks 200 Lilleaker	0216	Oslo
Statsforvaltaren I Rogaland	Postboks 59 Sentrum	4001	Stavanger
Suldal Kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand